



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Miljøvernavingdelinga

Saksbehandlar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57 64 31 40
E-post: gunn.helen.henne@fylkesmannen.no

Vår dato
06.12.2012

Vår referanse
2011/2027 – 542.1
Rapportnummer.
2012.093.I.FMSF

K. Strømmen Lakseoppdrett AS

6734 Rugsund

Inspeksjonsrapport - lok. Marøy NØ i Bremanger kommune

Fylkesmannen avdekte avvik på fem kontrollerte tema under kontrollen. Rapporten har status som førebels i fire veker. Vi ber om tilbakemelding innan 14.1.2013 på korleis avvika vert retta opp. Manglande tilbakemelding og retting kan medføre vedtak om tvangsmulkt. Gebyr for kontrollen er fastsett til kr. 4 500,-.

Det vart i perioden 2. mai – 1. september 2011 gjennomført ein tilsynsaksjon på oppdrettsanlegg i fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark. Aksjonen var koordinert av Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif).

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avlyste varsla kontroll hjå dykk i 2011. Ein kontroll med litt mindre omfang enn det planlagde opplegget for tilsyn i 2011 vart utført i dykkar verksemd 8.11.2012, med hovudfokus på lokaliteten Marøy NØ i Bremanger kommune.

Tema for kontrollen

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- | | |
|---|---|
| <input checked="" type="checkbox"/> Miljømål | <input checked="" type="checkbox"/> Leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar i høve til ytre miljø |
| <input checked="" type="checkbox"/> Miljøriskovurderingar | <input checked="" type="checkbox"/> Drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget |
| <input checked="" type="checkbox"/> Resipientgranskningar | |

Hovudfunn frå kontrollen

Vi fann avvik innanfor fem kontrollerte tema, og gav ingen merknader.

Oppfølging

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan 2 veker etter at rapporten er motteke.

Verksemda skal betale eit **kontrollgebyr på kr. 4 500,-**.

De har frist til **14.1.2013** for å gje skriftleg tilbakemelding og sende inn dokumentasjon på kva tiltak de har eller skal sette i verk for å lukke avvik omtalt i rapporten.

Vi takkar elles for god mottaking og samarbeid på kontrolldagen.

Med helsing

Anne Sigrid Loftesnes Harjo
senioringeniør

Gunn Helen Henne
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.

Om kontrollen

Verksemnda vart varsla om kontroll i brev dagsett 6.5.2011. Fylkesmannen ba då om at diverse grunnlagsdokumentasjon knytt til kontrollen sine tema vart sendt inn på førehand (sjå dokumentliste bakerst). Det vart ikkje gjennomført kontroll hjå verksemnda i 2011, men den innsendte dokumentasjonen vart nytta som førebuing for kontrollen i 2012. Tilsyn i 2012 vart varsla i e-post 15.10.2012, og dokumentasjonen vart oppdatert med siste miljøgranskinga for Marøya NØ frå 2011.

Sjølve inspeksjonen vart gjennomført 8.11.2012. Kontrollen omfatta gjennomgang av dokument, intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen og synfaring på landbasen.

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart avdekte under kontrollen innafor dei kontrollerte tema, og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemnda sitt miljøarbeid eller miljøstatusen på lokaliteten.

Rapporten har status som førebels ved utsending, men vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteke.

Under er Fylkesmannen sine registrerte opplysningar om dykkar verksemd. Ver venleg å melde frå dersom noko ikkje stemmer.

Ansvarleg verksemd (Kjelde: Brønnøysundregistra)

Namn: K STRØMMEN LAKSEOPPDRETT AS	Organisasjonsnr (undereining/ bedriftsnr.): 971 881 089
Besøksadresse: Rugsund	Eigd av (org.nr/føretaksnr.): 825 923 772
Postadresse: 6734 Rugsund	Telefon: 57 79 41 74
E-post: kontor@k.strommen.lakseoppdrett.no	Bransjenr. (NACE-kode): 03.221 - Produksjon av matfisk, bløtdyr og krepsdyr i ferskvannsbasert akvakultur

Kontrollert anlegg (Kjelde: Forurensning, internt sakshandsamarverktøy)

Namn: MARØY NØ	Anleggsnr: 1438.0049.01
Kommune: Bremanger	Anleggsaktivitet: Matfisk
Fylke: Sogn og Fjordane	Risikoklasse: 4
Løyve sist oppdatert: Gitt 26.10.2010	Løyvenr: 2010.335.T

Tilstades under inspeksjonen:

Frå anlegget: - Sven-Jørgen Strømmen, dagleg leiar - Svein Klævold	Frå Fylkesmannen: - Gunn Helen Henne
--	---

Regelverk

Vi har ført tilsyn etter følgjande regelverk:

- LOV 1981-03-13 nr 06: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- FOR 1996-12-06 nr 1127: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta, IK)
- FOR 2004-06-01 nr 930: Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 11 om farleg avfall
- LOV 1976-06-11 nr 79: Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova, PK), § 3a om substitusjonsplikt
- Verksemda sitt utsleppsløyve dagsett 26.10.2010.

Definisjonar

Avvik: Brot på krav fastsett i eller med heimel i helse-, miljø- og tryggleikslovgjevinga. Døme er brot på krav i forureiningslova, forskrifter heimla i forureiningslova eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.

Merknad: Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik. Brot på egne rutinar som er strengare enn lovkrava, kan til dømes verte omtala som merknad.

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. *forskrift om begrensning av forurensning* (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Aktiviteten ved K Strømmen Lakseoppdrett AS sin lokalitet Marøy NØ er regulert ved løyve, og er plassert i risikoklasse 4. Det vil seie at verksemda må betale **kr. 4 500** i gebyr for den gjennomførte kontrollen, jf. ureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll som varer inntil ein dag.

Risikoklassen er gradert frå 1 til 4, der 4 er lågaste risikoklasse. Risikoklassen er vurdert og fastsett ved handsaming av utsleppssøknad i 2010. Vedtaket om gebyrbeløp er ikkje skriftleg førehandsvarsla då dette vert vurdert som «åpenbart unødvendig», jf. forvaltningslova § 16, 3. ledd, ettersom gebyrsatsen følgjer direkte av risikoklassen og de skal betale lågaste sats.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif), jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Faktura med innbetalingsblankett vert sendt frå Klif for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følge, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

Dykkar vidare oppfølging etter kontrollen

- Verksemda pliktar snarast å rette avvika omtala i denne rapporten. For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøva er kome i orden. Vi ber om ei tilbakemelding **innan 14.1.2013** som gjer greie for dei gjennomførte tiltaka, ev. dato/ar for planar for gjennomføring av gjenstående tiltak. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Ev. fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

Orientering om tvangsmulkt

Dersom verksemda ikkje innan rimeleg tidsfrist kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er sett i verk, kan Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt for å sikre gjennomføring. Ei eventuell tvangsmulkt vil verte vedteke med heimel i § 73 i ureiningslova, men vil bli varsla nærmare før vedtak.

Avvik

Følgjande avvik vart påvist ved kontrollen frå Fylkesmannen (berre avkryssa og utheva underpunkt gjeld dykkar verksemd):

1. Miljømål

<input checked="" type="checkbox"/>	1a	Det er ikkje sett konkrete og dokumenterte anleggspesifikke miljømål i høve til kva som er akseptabel forureining og påverking av resipienten.	IK§5 pkt4
<input type="checkbox"/>	1b	Verksemda sine miljømål om ikkje å forureine resipienten på ein uakseptabel måte er ikkje evaluert av leiinga i høve til om målet er nådd.	IK§5 pkt8
<input type="checkbox"/>	1c	Miljømåla er ikkje gjort kjent for dei tilsette i verksemda.	IK§5 pkt 2 og 3

Kommentarar:

Internkontrollarbeidet skal mellom anna bygge på at ein set seg konkrete miljømål i høve til kva som er akseptabel forureining og påverking av resipienten.

K Strømmen Lakseoppdrett AS har nokre overordna mål som også omfattar ytre miljø. Desse gjeld for heile selskapet. Det er ikkje sett konkrete, etterprøvbare mål som gjeld kvart anlegg. Anlegga ligg t.d. i ulike fjordsystem med ulike resipienttilhøve. Måloppnåing kan berre vurderast dersom de har sett dykk meir konkrete mål knytt til ureining og resipienttilhøve for det enkelte anlegget.

Til 1a)

Verksemda skal ha vurdert kva som er akseptabel forureining og påverknad av resipienten som følgje av drifta av anlegget. Ut frå dette skal verksemda setje miljømål som sikrar at drifta ikkje medfører unødig forureining av det ytre miljø, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 4. Desse måla skal gjelde for anlegget/lokaliteten, og dei skal vere konkrete og dokumentert skriftleg slik at ein i etterkant kan vurdere om måla vart nådd eller ikkje.

2. Miljøriskovurderingar

<input checked="" type="checkbox"/>	2a	Det er ikkje utført miljøriskovurderingar for å førebyggje at anlegget valdar uakseptabel forureining av resipienten.	IK§5 pkt6
<input checked="" type="checkbox"/>	2b	Verksemda sine risikovurderingar er ikkje konkrete og anleggs- / lokalitetsspesifikke i høve til forureiningsfare og effektar av kjemikaliebruk.	IK§5 pkt6
<input checked="" type="checkbox"/>	2c	I verksemda si risikovurdering er det ikkje sett kriteriar for kva som er akseptabel forureining for å sikre ein tilfredsstillande tilstand i resipienten.	IK§5 pkt6

<input type="checkbox"/>	2d	Tilrådingar og konklusjonar i verksemda si risikovurdering er ikkje følgd opp og lukka og/ eller det er ikkje laga ein tidsfesta handlingsplan for oppfølginga.	IK§5 pkt6
<input type="checkbox"/>	2e	Verksemda si risikovurdering er ikkje evaluert for å sikre at den er oppdatert.	IK§5 pkt 6, 7 og8
<input type="checkbox"/>	2f	Verksemda har ikkje beredskapsplanar for dei hendingane som er omtala i risikovurderinga, til dømes massedød, akutte utslepp av diesel/ olje og andre kjemikaliar.	IK§5 pkt8
<input checked="" type="checkbox"/>	2g	Verksemda sin prosedyre for arbeid med risikovurderingar er mangelfull.	IK§5 pkt6 og8
<input checked="" type="checkbox"/>	2h	Verksemda manglar dokumentert rutine for substitusjon av lusemidlar og andre kjemikaliar/legemiddel.	PK 3a, IK§5 pkt7

Kommentarar:

K. Strømmen Lakseoppdrett AS har gjort ein «fareanlayse av risikovurdering på beredskapsplaner» (IK-dok. nr. 5.1), der de har gradert sannsynlegheit og konsekvens for hendingar innafor ein del tema frå 1-4 (liten til meget stor). Fareanalysen inneheld få punkt som gjeld forureining og ytre miljø, og då kun verknader av ytre akutt forureining inn på anlegget, ikkje verknader ut i miljøet av eiga drift. Det framgår ikkje av IK-dokumentasjonen noko meir om kva som ligg i desse omgrepa, kva de faktisk meiner med liten/middels/stor/meget stor sannsynlegheit og konsekvens, og kva nivå av samla risiko som skal medføre krav om risikoreduserande tiltak på ein handlingsplan.

Til 2a)

Anlegget må kjenne til risikoen for forureining ved vanleg drift og ved alle arbeidsoperasjonar og uønskete hendingar som kan oppstå på anlegget. Anlegget må også kjenne til kva for kjemikaliar og medisin som blir brukte og kva for effekt desse har på miljøet. Ut frå dette kan ein så lage ordningar og rutinar for å minske risikoen for utslepp og forureining, og beredskapsplanar for uønskete hendingar. I arbeidet med risikovurderingar er det viktig å vite kva som er gjort av slike vurderingar og tiltak tidlegare, og alle miljørisikovurderingar skal difor vere skriftlege.

Til 2b)

Risikoanalysen må omfatte alle faremoment knytt til ytre miljø, ved alle deler av drifta, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 6. Analysen må gjerast for det einskilde anlegget, med konkrete vurderingar av dei ulike aktivitetane slik dei blir gjennomført, og sett opp imot den faren dei utgjør for miljøet på denne lokaliteten. Berre slik vil risikokartlegginga samsvare med det faktiske risikobiletet, og legge eit godt grunnlag for eventuelle tiltak for å redusere risiko. Den enkelte lokalitet kan ha ulik sårbarhet for ulike delar av miljøet rundt seg, knytt til kva for andre brukarinteresser ein deler omgivnader med – t.d. om det er busetnad, badeplassar, sjøfugllokaltetar eller liknande i nærleiken, og det kan bety noko om resipienten er stor/liten eller også får utslepp frå andre kjelder.

På kontrollen vart det observert risikoforhold som ikkje har vore risikovurdert, og som burde ha vore fanga opp av internkontrollen dykkar. Dette var t.d. plassering av ein 1000-liters IBC-kontainer med drivstoff på landbasen attmed ein lagerpalle med vaskekjemikaliar som var faremerka som oksiderande. Oksiderande materiale kan forårsake eller forsterke brann. Slik samlagring er uheldig, og dessutan eit «unødvendig» risikoforhold, ettersom det var god plass i lokala til å lagre dette kvar for seg.

Det verkar ikkje vere samsvar mellom dykkar skriftlege risikovurdering av sannsynlegheit og konsekvens, og kva «opplevd» vurdering av risikonivå de har i organisasjonen. Til dømes er vurderte risikoforhold for akutt forureining jamt over vurdert med høg (3) eller maks (4) score for både sannsynlegheit og konsekvens, mens det etter det vi fekk opplyst langt ifrå blir oppfatta som eit risikoforhold som er ein «dagleg trussel», og de har aldri hatt hendingar med uhell eller nestenuhell på dette området. Dersom de reelt sett ser på sannsynlegheita for at anlegget skal bli kritisk ramma

av oljesøl, kjemikaliesøl og massedød som så høg, er dette forhold som de må følgje opp med tiltak for å redusere risikonivået til noko de kan leve med! Dvs. ikkje berre ein beredskapsplan for kva tiltak som kan settast i verk i etterkant av ei hending, men ein handlingsplan for kva som kan gjerast i forkant for å redusere enten sannsynlegheit eller konsekvens av hendinga slik at samla risikonivå vert akseptabelt. Alternativt må risikonivåa justerast til å bli i samsvar med det de eigentleg meiner.

Risikovurderinga må vere brote ned på anleggsnivå – det er ikkje sikkert at verken sannsynlegheit eller konsekvens av ei hending vert lik på kvart anlegg. De kan også ha litt ulik vurdering av kva som er eit akseptabelt utslepp frå drifta frå lokalitet til lokalitet, ut frå kva miljøtilstand det er der i utgangspunktet, og kor sårbar/robust resipienten er for utsleppa som drifta kan gje.

Til 2c) og 2g)

For å kunne vurdere risiko, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 6, må verksemda ha sett konkrete kriteriar for kva som er akseptabel forureining etter gjeldande regelverk, eigne miljømål og for å sikre ein god tilstand i resipienten. Miljøtilstanden ved det einskilde anlegget må leggast til grunn for vurdering av risiko, og dei gjennomførte miljøgranskningane er difor viktige grunnlagsdokument for risikovurderinga. Verksemda må ha ei formeining om kva som er akseptabelt nivå for miljøpåverknad før tiltak skal setjast i verk.

Verksemda må ha skriftlege prosedyrar for arbeidet med miljørisiko jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 6, 7 og 8, som mellom anna omtalar når og korleis risikoanalyser skal gjennomførast, og korleis dette skal følgjast opp gjennom utarbeiding av handlingsplan. Slike prosedyrar gjer det også lettare å få alle tilsette med i arbeidet ved at det finst eit felles dokumentgrunnlag for det arbeidet som skal gjerast. Dette er med på å sikra kvaliteten fordi sluttresultatet frå vurderingane er tilgjengelege for alle tilsette.

Ut frå dokumentasjonen som var tilgjengeleg på kontrollen, var det uklart kva som låg bak dei ulike graderingsnivåa 1-4 for sannsynlegheit og konsekvens som var brukt for å skildre risikoen, og det var ikkje sett klare grenser for når risikoen er vurdert som så høg at ein må setje i verk tiltak.

Til 2h)

Verksemda skal vurdere helse-, miljø- og tryggleiksrisikoen ved alle kjemikaliane dei brukar. Dette er til dømes vaske- og desinfeksjonsmidlar, medisinar, lusemiddel, drivstoff m.v. Det er eit krav i produktkontrolllova § 3a at alle som brukar kjemikaliar med miljørisiko skal vurdere om det finst alternativ (andre kjemikaliar eller annan måte å gjere ting på) med mindre risiko, og velja slike alternativ (substitusjon) dersom det kan gjerast utan urimeleg ulempe eller kostnad. Dei kjemikaliala som har høgast risiko bør vurderast for substitusjon oftare enn meir miljøvennlege alternativ.

Verksemda har i dag ingen rutine for substitusjon. De har ein kjemikalieprosedyre, men den omfattar berre arbeidsmiljø. Elles har de gjort dykk tankar rundt bruk av lusemiddel med kitinhemmarar, og bruk av ulike typar leppefisk, men ikkje noko av dette kan finnast att skriftleg i internkontrollen, verken som substitusjonsvurderingar, føringar for dykkar handtering av luseproblematikken, eller målsetningar for drifta.

Det vart opplyst at fiskehelsenettverk/ -personellet som skriv ut resept på legemidlane i stor grad styrer valet av produkta som vert brukt, og at ein for andre typar kjemikaliar bruker det ein har god erfaring med frå før. Til dette vil vi presisere at ansvaret for kva for kjemikaliar og legemiddel som vert brukt på lokaliteten ligg hjå selskapet, sjølv om ein stør seg til råd frå eksterne. Ansvar og omtale av gjennomføring av substitusjon må komme tydeleg fram i internkontrollen, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 7, og dette må finnast skriftleg.

Oppdaterte datablad for kjemikaliar og legemiddel som er i bruk er eit viktig grunnlag for å kunne vurdere miljørisiko og substitusjon. Nokre datablad i verksemda sitt stoffkartotek var gamle, de må ha ein rutine for å jamleg gå gjennom og oppdatere desse, slik at de har korrekt informasjon. Det er gjort større og mindre endringar i krava til innhaldet og utforminga av sikkerhetsdatablad i 2005 og 2008, slik at datablad eldre enn dette kan vere mangelfulle. Generelt sett bør ikkje datablada dykkar vere

meir enn nokre få år gamle. Datablad skal finnast for alle kjemikalar som er i bruk, også "verkstadskjemikaliar", og må vere tilgjengeleg der dei ulike produkta vert brukt.

3. Resipientgranskingar

<input checked="" type="checkbox"/>	3a	Verksemda har ikkje tilstrekkeleg kunnskap/ oversikt over korleis den påverkar resipienten.	IK§5 pkt6
<input checked="" type="checkbox"/>	3b	Det er ikkje utført tilfredsstillande miljøgransking som viser korleis oppdrettsanlegget påverkar tilstanden i resipienten.	IK§5 pkt6
<input checked="" type="checkbox"/>	3c	Verksemda har ikkje rutine for å vurdere om motteken dokumentasjon for resipienttilstand held tilstrekkeleg kvalitetsnivå (kvaliteten på MOM- B/C).	IK§5pkt 7
<input checked="" type="checkbox"/>	3d	Verksemda har ingen rutine for å vurdere om det er behov for resipientgranskingar.	IK§5pkt7

Kommentarar:

Til 3a)

Verksemda må ha oversikt over eigne utslepp frå anlegget til miljøet (mengder, typar), oversikt over kva type resipient dette går til, og om resipienten tåler utsleppa frå anlegget, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 6, og utsleppsløyvet. De må derfor skaffe nødvendig kunnskap om resipienten, slik som tersklar, straum, vassutskifting, mm., og dokumentasjon på tilstanden for t.d. vasskjemi, sediment, botnfauna og strandsone m.m. Noko av dette finst spreidd i ulike enkeltokument/ rapportar og i den erfaringa som de har opparbeidd dykk på lokalitetane. Ei samla oversikt/ oppsummering over dette bør finnast skriftleg i internkontrollen for den enkelte lokaliteten.

Verksemda må ha prøvetaking og overvaking for å kunna vite korleis anlegget påverkar miljøet. Omfang og frekvens skal vera tilpassa tilstand og risiko for resipienten og miljøet kring anlegget. Nokre krav til miljøtilstand og overvaking er utdjupa i utsleppsløyvet.

For Marøy NØ finst det straumdata i ulike djup, og nokre resipientgranskingar av type B- og C-granskingar etter NS 9410, men det er ikkje utarbeidd noko samla oversikt over status og utvikling i resipienttilstanden basert på resultatane av desse undersøkingane.

Til 3b) og 3c)

Det viktigaste spørsmålet som rapportar og resultat frå undersøkingar og overvaking skal svare på, er om påverknaden frå anlegget er så liten at resipienten tåler den. Dette krev at overvakinga dekkjer det som er nødvendig å overvake, at overvaking vert gjort til rett tid, og at overvakinga held god kvalitet.

Verksemda har ikkje tilstrekkeleg oversikt over krav til undersøkingar, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 6, og utsleppsløyvet: Det er ikkje utført dokumenterte strandsonegranskingar, og krav i utsleppsløyvet om resipientgransking av type C-undersøking etter Norsk Standard NS 9410 ved Marøy NØ er ikkje gjennomført innan fristen, som var utgangen av 2011. Det er ikkje sett opp noko samla overvaksingsprogram tilpassa lokaliteten ut frå dei naturtilhøve og krav som gjeld.

Verksemda må vurdere om resipientgranskingane som blir gjort er gode nok for å få nok informasjon om tilstanden i resipienten. Det må finnast skriftlege rutinar for dette, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 7, og dei bør innehalde spesifikke krav til kva for informasjon rapportane skal ha. Verksemda må ha rutine for å kvalitetssikre innhaldet i rapportane og sjå til at standarden for MOM-granskingane er følgt.

Til 3d)

Verksemda har ikkje sett kriterier for når/om det er trong for resipientgranskingar. Skriftlege rutinar, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 7, må innehalde kva for endringar ved anlegget eller ytre faktorar, som kan føre til endring av påverknad i resipienten og dermed endring av status. Kriteriane skal vere dokumentert i verksemda sin internkontroll.

MOM B og C gjev svar på om den organiske belastninga frå anlegget er akseptabel, men verksemda må sikre seg at t.d. miljøgifter, medisinrestar og impregneringsrestar ikkje fører til uakseptabel forureining, likeins om det finst andre kjelder i nærleiken som kan føre til forureining.

4. Leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar i høve til ytre miljø

<input type="checkbox"/>	4a	Internkontroll- /HMS- arbeidet i høve til ytre miljø er ikkje etterspurt av leiinga.	IK§ 4
<input checked="" type="checkbox"/>	4b	Det er ikkje gjort ei dokumentert vurdering av om anlegget sin påverknad på resipienten er akseptabel eller ikkje.	IK§§ 4 og 5 pkt8

Kommentarar:

Til 4b)

Anlegget må gjere seg opp samla status for ytre miljø jamleg. Verksemda skal sjå til at ei dokumentert vurdering av status for korleis anlegget påverkar resipienten vert gjennomført jamleg, jf. internkontrollforskrifta §§ 4 og 5, 2. ledd pkt 8. Dette kan t.d. vere årleg, eller for kvar generasjon fisk som vert produsert. Dette er viktig for å sikre at belastninga er akseptabel, i tråd med regelverk og med verksemda sine egne kriteriar for kva som skal godtakast.

Årsmeldinga til styret har ei enkel setning om at drifta ikkje har medført ureining, men det framgår ikkje nokon stad kva dette bygger på, kva ein har lagt til grunn for konklusjonen. I og med at det ikkje er utarbeidd konkrete miljømål som kan evaluerast, og risikovurderinga ikkje går inn på korleis drifta påverkar det ytre miljø, er det lite som per i dag kan dokumenterast om korleis leiinga etterspør og vurderer samla miljøverknader av drifta. Revisjonsrapporten etter gjennomgang av internkontrollen 5.5.2011 har fleire gode kontrollspørsmål knytt til forureining, men bør også omtale status for risikovurdering og miljømål for ytre miljø.

5. Drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget – dette aksjonstemaet vart ikkje kontrollert i 2012

Oversikt over standardavvik frå aksjonen er teke med i vedlegg bakerst i rapporten, som informasjon til dykk om kva tema kontrollaksjonen i 2011 omfatta. Drift- og vedlikehaldsrutinar vart ikkje kontrollert på same måte i 2012.

6. Drift (kontrollert i staden for punkt 5):

6a. Avvikssystemet for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på HMS-krav er mangelfullt.

Avvik frå: internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 7.

Kommentar:

Verksemda sitt avvikssystem vert opplyst å berre bli nytta for anleggstekniske avvik. Eit avvikssystem må dekke alle sider av drifta, for alle forhold knytt til helse, miljø og tryggleik, for å oppfylle kravet i

internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 7. Avvikssystemet skal hjelpe til med å fange opp feil/manglar/svakheiter ved dagens praksis, helst før det blir alvorleg, og vere eit grunnlag for systematisk forbetningsarbeid på alle HMS-områda.

6b. Handteringa av farleg avfall er mangelfull.

Avvik frå: internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 7, avfallforskrifta § 11-12.

Kommentar:

Verksemda manglar ein skriftleg rutine som sikrar at all avfallshandtering skjer i samsvar med regelverket, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt 7. Avfallsrutinen bør minst omfatte noko kort om viktigaste regelverk/ sentrale forskriftskrav, ansvarsforhold, kva for typar avfall som oppstår av drifta, korleis dei ulike fraksjonane skal handterast/ lagrast og kven det blir levert vidare til.

Dykkar levering av farleg avfall skjer delvis til Franzefoss, og delvis til den lokale miljøstasjonen. For fraksjonar som blir levert til miljøstasjonen (batteri, maling, m.m.) vert det ikkje fylt ut deklarasjonsskjema. Alle verksemder pliktar å deklarerer alt sitt farlege avfall, jf. avfallsforskrifta § 11-12. Gjenpart av deklarasjonsskjema er dykkar einaste godkjente «kvitteingar» for at det farlege avfallet er levert ofte nok, på rett måte og til godkjent mottakar.

Merknader

Fylkesmannen har ikkje gjeve merknader under kontrollen:

Dokumentunderlag:

Fylkesmannen ba om at diverse grunnlagsdokumentasjon knytt til kontrollen sine tema vart sendt inn på førehand. Mottatt omtale/dokumentasjon for heile eller delar av tema er avkryssa under.

- Kort historikk for lokaliteten: produksjon, endringar i drifta, liste over alle miljøgranskingar og straumundersøkingar på lokaliteten, m.m.
- Rapportar frå resipientgranskingar: alle MOM-B- og MOM-C- granskingar frå 2005 og fram til i dag.
- Oversiktskart/skisse: oversikt over oppdrettsanlegget som viser kvar anlegget sine ulike utstyrsinstallasjonar er plassert, inkludert tankar (diesel, ensilasje, slam etc.) og lager (fôr, kjemikaliar, avfall, etc.)
- Oversikt over internkontrollsystemet: ein kort omtale av det overordna systemet, med innhaldsliste
- Risikovurderingar: skriftleg dokumentasjon som gjeld risikovurdering av ytre miljø, inkludert eventuelle handlingsplanar
- Oversikt over kjemikaliebruk siste 5 år: type og forbruk av kjemikaliar pr. år, inkludert lakselusmidlar og andre legemiddel
- Oversikt over vedlikehaldsrutinar: kort omtale av kva for rutinar som finst for vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr
- Rapportar/dokumentasjon frå vedlikehald/tilstandskontroll av tankar og røyr (diesel-, ensilasje- og slamtanker etc.)
- Oversikt med omtale av eventuelle utsleppshendingar frå anlegget siste 5 år, inkludert hendingar som kunne ha ført til utslepp, og korleis dette vart avvikshandtert
- Referat frå leiinga sin siste gjennomgang av internkontrollen

Vedlegg

5. Drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget – dette aksjonstemaet vart ikkje kontrollert i 2012

Oversikt over standardavvik frå aksjonen er teke med berre som informasjon til dykk om kva tema kontrollaksjonen i 2011 omfatta. Drift- og vedlikehaldsrutinar vart ikkje kontrollert på same måte i 2012.

Drift			
<input type="checkbox"/>	5a	Fôringsrutinar er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.	IK§5pkt 7
<input type="checkbox"/>	5b	Rutine for <u>dødfiskhandtering</u> er ikkje nedfelt i verksemda sin internkontroll.	IK§5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5c	Rutine for <u>overvaking av botnforhold under merdane</u> er ikkje nedfelt i verksemda sin internkontroll.	IK§5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5d	Rutine for <u>kjemikalier/ legemidler</u> er ikkje nedfelt i verksemda sin internkontroll.	IK§5pkt7
<input type="checkbox"/>	5e	Verksemda sin rutine for avfallshandtering og lagring av farleg avfall er mangelfull, og farleg avfall er ikkje levert årleg.	IK§5 pkt7, avfallsf. kap.11
<input type="checkbox"/>	5f	Rutine for <u>reinseanlegg (setjefiskanlegg)</u> er ikkje nedfelt i verksemda sin internkontroll.	IK§5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5g	Rutine for <u>utsleppskontroll (setjefiskanlegg)</u> er ikkje nedfelt i verksemda sin internkontroll.	IK§5 pkt7
Førebyggjande vedlikehald			
<input type="checkbox"/>	5h	Det er ikkje etablert dokumentert rutine/ system for periodisk/ førebyggjande vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr.	IK§5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5i	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>dieseltankar eller andre tankanlegg, inkludert slangar/ røyrssystem og anna tilhøyrande utstyr.</u>	IK§5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5j	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>føringssystem/ utstyr inkludert slangar og anna tilhøyrande utstyr.</u>	IK§5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5k	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>utstyr/ system for opptak og handtering/ mellomlagring av dødfisk.</u>	IK§5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5l	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>utsleppsrelaterte alarmer eller anna overvakingssystem (t.d. funksjonstesting av slikt utstyr)</u>	IK§5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5m	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr:	IK§5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5n	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>reinseanlegg (setjefiskanlegg)</u>	IK§5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5o	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>slamtankar (setjefiskanlegg)</u>	IK 5 pkt7
<input type="checkbox"/>	5p	Verksemda har ikkje etablert kriteriar for kva som er tilfredstillande tilstand på utsleppsrelatert utstyr.	IK§5 pkt6